



9 spreke og sporty deltakarar.

Frå konferansier Arne Torget, heretter kalla FestiTorget, presenterte dei 9 sporty deltakarane [på rim](#) (Klikk her) til vinnaren var kåra, var det både god stemning og stor spenning under Festitaren i båthamna i Uskdalen. Denne loale varianten av Mestrenes Mester kom på Festidalen-programmet i fjor, og er no ein sikker publikumsvinnar.



Dette er også ein del av campingtesten

Både dei sporty deltakarane, suverene FestiTorget og ikkje minst gruppa som planlegg Festitaren, kan dela æra for suksessen. I tevlinga har ein funne fram til øvingar som appellerer både til konkurranseinstinkt og spenning,



og til smil og humor.

Det vart konkurrert både lagvis og individuelt. I lagkonkurransen vart deltakarane delt i tre lag, kråkebollane, taskekrabbane og flyndrene. Laga måtte gjennom 3 øvingar.

Første øving var knytta til kven som beherska camping-livet best. Her inngjekk både oppakking, fylla symjebasseng, leggja puslespel, nedpakking og symjetur. Laga fordelte oppgåvene godt og viste både gode taktiske talent og solid fysisk form.



Her vert det flotte rekesmørbrød. Ove Lindekleiv, Martha Sofie T. Varanes og Bjarthe Eide.

I neste øving konkurrerte dei i kven som var best i rekepilling og å laga finaste rekesmørbrød. I følgje konferansier FestiTorget var det kortreiste reker tekne med teiner i eit vatn på Skorpo. Smørbrøda vart så fristande at fleire nok hadde lyst på ein smak! Derimot fekk eine laget streng påtale av dommar Elin Enes grunna dårleg hygiene under arbeidet.

Siste lagøving var ein stafett kalla hesjastaur. Oppgåva var at kvart lag skulle fylla ein stor vase med sjøvatn. Hjelpemiddelet var ei leikebytte. Fart og spenning!



Planke sponsa av Uskedal Trelastlager i følgje konferansieren.

Deretter var det over på individuelle øvingar. Først var det potetskyting, Festitarenvarianten av skiskyting.

Deretter var det øvinga planke, som i følgje konferansier FestiTorget var sponsa av Uskedal Trelastlager. Til slutt var det ei reaksjonsøving. Deltakarane skulle bevega seg raskast mogeleg i ei bestemt retning alt etter som det vart vist bilete av krabbe, flyndre eller kråkebolle.

Etter dette vart reslatalista presentert, og dei to finalistane utpeika:

Marta Sofie Teigen Varanes 13poeng  
Marianne Korsvoll 12  
Marianne Nordhus 11  
Ove Lindekleiv 10  
Ivar Lunde 10  
Bjarte Eide 10  
Henrik Bauge 9  
Mari Teigen Varanes 6  
Kjetil Næs 6

I finalen skulle så Marta Sofie og Marianne K. konkurrera i å halda to vassbytter på strak arm lengst mogeleg. Begge viste både imponerende viljestyrke og annan styrke godt oppildna av eit stort og engasjert publikum. Til slutt måtte Marta Sofie gje tapt, og Marianne frå Neset og Uskedalen vart årets Festitare-meister i ein konkurranse der alle imponerte.

Detta e slett ikkje tull,  
alle festitarane tok GULL  
Inspirert av FestiTorget  
beste Festitare-konferansier i heila Norge!



[FestiTorget.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Festidalen/Atle Helland og Thor Inge Døssland